

**Fra:** Arve Helle (Arve.Helle@vlfk.no)

**Sendt:** 27.08.2020 13:45:32

**Til:** Politisk

**Kopi:** Jannicke Bergesen Clarke

**Emne:** Spørsmål til møte i SAMMO 16.09.

**Vedlegg:**

Eg melder med dette inn følgjande spørsmål til møte i SAMMO 16.09.:

Ferjesituasjonen på Fedje:

I løpet av sommaren er eg blitt kontakta av folk på Fedje som er misnøgde med regulariteten til den nye ferja. Dette har også vore omtala i media ved fleire høve. Kansellerte avgangar har skapt store problem for m.a pendlarar og næringsliv.

Kva har Skyss gjort med saka og kva er status pr no?

Skuleskyss:

I Bjørnafjorden opplever elevar fulle busser til og frå skulen. Os og Fusaposten rapporterer (25.8) at elevar står «som sild i tønne» kvar einaste dag, og at det er umulig å oppretthalde ein meters avstand i tråd med smittevernreglane. I tillegg vert det påpeika at elevar må stå på bussane.

Er det for lite kapasitet utfrå behovet? Er dette vanleg også andre stadar, og kva gjer Skyss med denne situasjonen?

Mvh

Arve Helle